



## Den norske regulerte pengespelmarknaden 2021

Samla sett har Norsk Tipping hatt ein liten auke i omsetninga i 2021, og 2 % målt i netto omsetning. Omsetninga har auka mest for sportsspel (27 % for netto omsetning) som i stor grad blir spelt over internett (web eller mobil). Veksten har vore svakare for Instaspill og Multix med høvesvis 2 % og 4 %, målt etter netto omsetning. Talspela og skrapeloddet Flax på papir har samla hatt ein reduksjon på 1 %, medan Belago fekk redusert omsetninga med 11 %. Norsk Rikstoto sine hestespel har hatt ein reduksjon på 11 %.

Stor omsetningsvekst for sportsspela til Norsk Tipping heng mellom anna saman med ein vekst i talet spelarar. Veksten må og sjåast i lys av at sportsspela hadde ein reduksjon i 2020 fordi det særleg før sommaren var færre hendingar enn normalt å spele på. For sportsspela i 2021 var det ikkje slike negative påverknader av korona. At Instaspill har hatt ein mindre vekst, må sjåast i samanheng med at Norsk Tipping reduserte den maksimale tapsgrensa til kroner 5 000,- per månad. Norsk Rikstoto sin reduksjon skuldast mellom anna innføringa av total tapsgrense, men også at nokre arrangement måtte avlysts på grunn av Covid-19. I tillegg var korona-året 2020 eit bra år der Rikstoto på grunn av utvida speletilbod på hesteløp i frå andre land hadde ein vekst på 3 % frå 2020.

Bingo har også hatt ein liten reduksjon. For den største delen av bingomarknaden har det vore ein liten reduksjon i omsetninga, men hovudinntrykket er at omsetninga i korona-åra 2020 og 2021 har vore stort sett stabil. Dei største private lotteria med lisens, har hatt ein vekst i omsetninga, og bidreg til at lotteria samla har ein vekst på 17 % målt etter netto omsetning. Vi rapporterer om vekst for spel på skip, og årsaka er at vi i 2021 fekk eit sjuande skip inn under norsk regulering. Det er soleis ikkje ein reell omsetningsvekst. Netto omsetning for spel på skip var 86 millionar i 2019. Tilsvarande omsetning i 2020 og 2021 var høvesvis 41 og 49 millionar.

Målingar som Sentio gjer på oppdrag for Lotteritilsynet, og samanlikningar frå år til år, indikerer at det i også i 2021 var flest som spelte talspel, skrapespel og deltok i Pantelotteriet. Deler av veksten i marknaden ser ut til å henge saman med spel på nett.

### Kanalisering

Målt i talet på spelarar aukar den regulerte marknaden sterkt også i 2021 samanlikna med den ulovlege. Målingar som Sentio Research utfører viser at andelen nettspelarar aukar år for år. Auken skjer for norske regulerte spel, og ikkje for dei utanlandske nettstadene. Andelen nordmenn som har spelt hos dei utanlandske aktørane har i mange år lagt mellom 4 og 5 prosent. I 2021 var andelen 3,6 prosent basert på både kvartalsvise og halvårlege målingar. Mot dette hadde 16,2 prosent spelt hos Norsk Tipping dei spela som er i konkurransen med dei ulovlege (Instaspill og sportsspel). Året då Norsk Tipping lanserte interaktive nettspel (Instaspill i 2014) var andelen 5,9 % for Norsk Tipping og 4,2 % for dei utanlandske. Det har dermed vore stor grad av stabilitet, og ein tendens til reduksjon dei siste tre åra for dei ulovlege, men langt over ei dobling for Norsk Tipping.



# Lotteri- og stiftelsestilsynet

Lotteritilsynet bereknar at netto omsetning (GGR) hos dei ulovlege utgjer mellom 1,8 og 2,2 milliardar kroner. Dette utgjer om lag 15 % i den totale pengespelmarkanden i 2020. For spel som er i direkte konkurranse utgjer andelen om lag 47 %. At dei ulovlege aktørane sin marknadsdel er større når ein måler i pengar enn i talet på spelarar, skuldast mellom anna at ein spelar kan tape langt meir hos ein ulovleg aktør enn det som er mogeleg med dei maksimale tapsgrensene hos dei norske aktørane. Undersøkingane våre viser også at dei som spelar hos utanlandske speleselskap spelar for meir pengar enn dei som spelar berre på norske nettstader.

## Spel- og lotteriåret 2021

I 2021 vart det satsa totalt nær 52 milliardar kroner (brutto omsetning). I 2020 var omsetninga 51 milliardar. Netto omsetning (samla innsats minus utbetaalt gevinst) var i 2021 i overkant av 11 milliardar kroner, mens den i 2020 var nærmere 11 milliardar. Samla sett ein liten vekst. Kvar innbyggjar, 18 år og eldre vil i snitt ha satsa om lag 12 100 kroner på regulerte pengespel i løpet av 2021. Når gevinstane er trekte ifrå låg det igjen 2 600 kroner per innbyggjar.

Innsats og tap på utanlandske nettstader kjem i tillegg til dette. Gjennom kvartalsvise målingar som Sentio Research Norge AS har utført for oss, kjem det fram at nærmere 1,28 million nordmenn spelte pengespel på internett i 2021 mot nærmere 1,22 million i 2020. I 2021 og i 2020 viser målingar at høvesvis 160 000 og 170 000 av desse spelte på utanlandske nettstader. Vi reknar med at målingane ikkje fangar opp alt spel, men meir av dei som spelar ofte enn dei som spelar sjeldan.

I målingane er det ein auke på om lag 60 000 personar som har spelt pengespel på nett. Når denne auken ikkje er synleg blant dei som har spelt på utanlandske nettstader, utgjer dette ein auke for dei norske selskapa, og i hovudsak Norsk Tipping. Vi reknar med at auke i nettspel dei siste to åra mellom anna heng saman med at nett og mobil for fleire har blitt ein føretrekt måte å kjøpe pengespel under koronaen.



## Nøkkeltal 2021

	Millionar NOK		Millions EURO <sup>3</sup>	
	Brutto	Netto	Stakes	GGR
Norsk Tipping – talspel og Flax	12 147	5 989	1 195	589
Norsk Tipping – sportsspel	4 809	1 121	473	110
Norsk Tipping - Instaspill	22 810	1 268	2 244	125
Norsk Tipping - Multix	2 235	174	220	17
Norsk Tipping - Belago	1 740	118	171	12
Norsk Rikstoto	3 228	983	318	97
Lotteri <sup>1</sup>	808	569	80	56
Bingo	3 747	796	369	78
Spel på skip <sup>2</sup>	335	49	33	5
Totalt	51 859	11 068	5 102	1 089
Per capita 18 år/yrs +	12 100	2 600	1 200	300

<sup>1</sup>Ein mindre del er estimert. <sup>2</sup>Foreløpige tall. <sup>3</sup>2021: 10,1648 NOK = 1 EUR

Tabellen viser brutto og netto omsetning. Brutto omsetning er det samla innsatsbeløpet. Netto omsetning er beløpet som spelarane har lagt igjen etter at gevinstar er utbetalt.

Netto omsetning blir fordelt mellom formål og aktørar (t.d. lag og organisasjoner, entreprenør, operatør eller kommisjonær). Denne fordelinga blir presentert i ein årsstatistikk som kjem ved utgangen av 2022.



## Endring frå 2020 til 2021

	2020		2021		Endring	
	Brutto	Netto	Brutto	Netto	Brutto	Netto
Norsk Tipping – talspel og Flax	12 315	6 078	12 147	5 989	-1 %	-1 %
Norsk Tipping – sportsspel	3 575	882	4 809	1 121	35 %	27 %
Norsk Tipping - Instaspill	22 644	1 249	22 810	1 268	1 %	2 %
Norsk Tipping - Multix	2 131	167	2 235	174	5 %	4 %
Norsk Tipping – Belago	1 929	134	1 740	118	-10 %	-11 %
Norsk Rikstoto	3 589	1 108	3 228	983	-10 %	-11 %
Lotteri <sup>1</sup>	708	485	808	569	14 %	17 %
Bingo	3 822	806	3 747	796	-2 %	-1 %
Spel på skip <sup>2</sup>	302	41	335	49	11 %	20 %
Totalt	51 015	10 950	51 859	11 068	2 %	1 %

<sup>1</sup> Ein mindre del er estimert for 2021. <sup>2</sup>Forløpige tall for 2021.

Omsetninga til Norsk Tipping har særleg auka for spel i kategorien Sportspel (tipping, odds og liveodds), ein auke på 27 % målt for netto omsetning. Omsetninga på Belago-terminalane i bingohallar er mest redusert, og ein nedgang på 11 prosent for netto omsetning.

Rikstoto har redusert netto omsetning med 11 prosent. I den private markanden er det ein auke for lotteri og for spel på skip. For lotteria skuldast auken vekst for dei største lotteria (§ 7 lotteria; Pantelotteriet og Postkode-lotteriet). Auken for spel på skip heng mellom anna saman med at eitt av skipa til Fjordline frå sommaren 2021 er under norsk regulering. Omsetninga for dette skipet blir no rapportert til Lotteritilsynet.

## Nordmenn si deltaking i norsk regulert lotteri- og pengespelmarknad


Lotteritilsynet får årleg gjennomført målingar om speleåtferd i befolkninga<sup>1</sup>. Målingane blir utført i juni og desember. Kvar gong blir 1 000 personar 15 år og eldre spurde om deltaking i dei ulike spela.

<sup>1</sup> Sentio Research Norge AS utførte målingane for oss.



# Lotteri- og stiftelsestilsynet

Diagramma under viser prosentdel<sup>2</sup> som har spelt det siste året fordelt på kvinner og menn, samt aldersgrupper. I tillegg har vi med eit diagram som viser utviklinga totalt for år 2018 til og med 2021.




Det er på talspel, skrapeloddet Flax og på panteautomat at flest oppgir å ha spelt det siste året. Færrest har spelt på terminalspelet Multix, hos entreprenørbingo og Belago samt spel på skip. For mange spel deltek menn oftare, men kvinner seier oftare at dei kjøper skrapelodd eller andre lotteri.

Diagrammet under viser deltaking i spel fordelt på aldersgrupper.

<sup>2</sup> Resultata må tolkast innanfor feilmarginar på +/- 2 til 3 pst for hovudfrekvensane.




# Lotteri- og stiftelsestilsynet



Hovudinntrykket er at talspela til Norsk Tipping og hestespel hos Norsk Rikstoto har forholdsvis fleire spelarar i dei eldre aldersgruppene. Andre spel har oftare deltaking blant yngre.

Diagrammet under viser endring i deltaking frå 2018 til 2021.





Hos Norsk Tipping har talspel og Instaspill-kategorien hatt ein auke i deltaking. Norsk Rikstoto ser også ut til å ha hatt ein viss vekst dei siste åra. I den private delen av marknaden er det vanskelegare å sjå vekst i andel spelararar, men data indikerer eller viser reduksjonar. Nokre reduksjonar må sjåast i samanheng med at 2021 også var eit år der Covid sette sitt preg også på spelmarknaden. Dette kan ha medverka til reduksjonar, mellom anna for bingo, spel på skip og vennelagspoker.

## Nettspelarar

Kvartalsvise målingar som Lotteritilsynet får utført<sup>3</sup> viser ein stabilisering i talet på nettspelarar i 2021 samanlikna med året før. I 2021 viser målingane at 1 280 000 nordmenn frå 18 år og oppover spelte på internett eller mobil. Dette utgjer 30 prosent av den vaksne befolkninga<sup>4</sup>. For 2020 berekna vi 1220 000 nettspelarar, som då utgjorde 29 prosent.

Sidan våre berekningar baserer seg på regelmessige målingar utført gjennom heile år, får vi etterslep. Talet på nettspelarar ved utgangen av 2021 kan reelt sett vere høgare enn vi får fram her. Det kan og tenkjast at målingane i større grad fangar opp dei som spelar ofte og jamleg, enn dei som spelar sjeldan og sporadisk.

Nettspelarar deltek både på norske og utanlandske nettstader, men langt fleire spelar på norske enn på utanlandske nettstader. 88 prosent av nettspelarane har i 2021 svart at dei berre har spelt hos Norsk Tipping, Norsk Rikstoto, Postkodeloteriet eller hos bingoentrepreneurar som også tilbyr bingospel på nett. 9 prosent har spelt både på norske og utanlandske medan 3 prosent svarer at dei berre har spelt på utanlandske nettstader.

28 % i befolkninga spelte på norske nettstader i 2021, noko som utgjer 1 220 000 personar. Tilsvarande tal i 2020 var 1 160 000 spelarar.


At så mange nordmenn spelar på nett hos dei norske selskapa heng mykje saman med at mange spelar talspel på nett som til dømes Lotto. Dvs. at dei t.d. leverer lottokupongen på nett eller mobil i staden for i butikken. Av nettspelarane totalt sett, er det 87 % blant dei om har spelt dei siste tre månadene, som har spelt talspel som Lotto, Viking Lotto eller Keno. Til samanlikning er dei spela som deretter er spelt av forholdsvis mange, tipping og odds med 20 %, skrapespel med 12 % og liveodds med 9 %.

<sup>3</sup> På oppdrag frå Lotteritilsynet gjennomfører Sentio Research Norge AS kvartalsvise spørjeundersøkingar om pengespel på nett.


<sup>4</sup> Målingane vert utført kvart kvartal, der 1 000 personar 18 år og eldre vart spurde om dei har spelt pengespel over internett i løpet av det siste året.



# Lotteri- og stiftelsestilsynet



Om vi ser på den vaksne befolkninga utan å avgrense til nettspelarar, utgjer då dei som spelar talspel via nettet om lag 23 % i 2021. Sports- og oddsspel (inkl. liveodds) blir spelt av nærmere 6 % og kasinospel av mellom 1 og 2 %. I 2021 er det ingen markante endringar frå 2020, men trenden med at fleire spelar sports- og oddsspel ser ut til å halde fram.



## Stabil deltaking på utanlandske nettstader


Frå målingane har nærmere 160 000 spelarar spelt på utanlandske nettstader. Dette utgjer 3,6



## Lotteri- og stiftelsestilsynet

% av den vaksne befolkninga. Dette er stort sett stabilt samanlikna med året før då prosentdelen var 3,9 %.

At endringa er lita, blir underbygd av halvårlege målingar som Lotteritilsynet får utført i tillegg til kvartals-vise. I desse inngår spørsmål om spel på nett hos andre enn Norsk Tipping, Norsk Rikstoto, Postkode-lotteriet eller nettbingo gjennom lokal bingo-hall. Også her svara 3,6 prosent at dei har spelt på utanlandske nettstader det siste året. I 2020 var tilsvarande prosent 4,4. Diagrammet under viser ein langvarig stabilitet med tendens til redusert deltaking dei siste tre åra.




Som nemnt fangar ikkje målingane opp alt spel, og vi reknar med at i underkant av 200 000 har spelt hos ulovlege nettselskap i 2021. For dei spela der Norsk Tipping konkurrerer med utanlandske spelselskap, viser målingane at andel spelarar hos Norsk Tipping aukar. Diagrammet under syner prosentdel i befolkninga, som frå desse målingane har spelt på utanlandske nettstader og andel som har spelt tilsvarande spel hos Norsk Tipping.



# Lotteri- og stiftelsestilsynet

Prosent i befolkninga (15+) som har spelt sports- eller kasino- eller andre interaktive spel \* på nett eller mobil i løpet av det siste året




\* For Norsk Tipping inngår spel på nett eller mobil på Tipping, Odds, Liveodds, KongKasino, Bingoria, Flax og Yezz.  
For ulovlige aktører inngår også poker som ikke blir tilbuddt av NT.

## Kven er nettspelarane og korleis spelar dei ?

Nettspelarane er oftast menn. I 2021 har 35 % av mennene spelt på nett eller mobil det siste året, og blant kvinner er andelen 24 %. Etter alder er andelen nettspelarar i år 2021 høgst blant personar mellom 40 og 49 år. Her har 35 % spelt på nett eller mobil. Andelen er lågast blant personar som er under 30 år, samt 50 år og eldre, der prosentdelane er høvesvis 27% og 28 %. Auken i nettspel er tydelegast for kvinner og blant dei som er 50 år og eldre.

Andel etter kjønn og alder som det siste året har spelt over internett på PC, nettbrett eller mobil


■ 2019 ■ 2020 ■ 2021





# Lotteri- og stiftelsestilsynet

Dei fleste spelar på ettermiddag eller kveld, og dei færreste om natta. Mange nyttar mobiltelefonen og i 2021 heile 76 % av dei som spelar på nett.



## Regulerte og uregulerte selskap som tilbyr spel på nett

Blant dei norske regulerte selskapa har Norsk Tipping og Norsk Rikstoto distribuert sine spel over nett i ei rekke år. Unicef lanserte eit nettbaseret lotteri i 2017, men dette lotteriet vart avvikla hausten 2020. Postkodelotteriet blei lansert hausten 2018 av WWF og SOS Barnebyer og blir selt over nett. I tillegg har norske bingoentreprenørar med landbasert bingo høve til å også selje sitt hovudspel over internett.

Ifølgje målingane spelte 94 prosent av nettspelarane hos Norsk Tipping, medan 8 % spelte hos Norsk Rikstoto i løpet av dei siste 12 månadene, og Postkodelotteriet vart nemnt av 4 %. Bingospel på nett via lokal bingohall vart oppgitt av 1 % av nettspelarane.

Blant utanlandske nettselskap hadde Unibet størst deltagning, og 7 % av nettspelarane sa dei hadde spelt der.

## Frekvens og innsats

I målingane våre for 2021 sa 42 prosent av nettspelarane at dei spelte 13 gonger eller meir i løpet av det siste kvartalet. I same periode sa 8 % at dei ikkje hadde spelt. Gjennomsnittet



# Lotteri- og stiftelsestilsynet

var 15<sup>5</sup> og median/middels tal gonger var 6,0. Snittet utgjer speling litt i overkant av ein gong i veka.

Blant dei som berre spelar på norske nettstader var snittet 13,6 gonger. For dei som berre spelar på utanlandske nettstader var snittet 19,2 og for dei som spelte både på norske og utanlandske var snittet 22,6 gonger i løpet av eit kvartal.

Uavhengig av kor mykje spelarane har spelt for, har vi spurta kor stort innskot dei vanlegvis gjer når dei er logga på ein nettstad og spelar pengespel. Dvs. kor mykje dei overfører frå eigen bank-konto til ein spelarkonto hos eit spelselskap. Snittet var 278 kroner<sup>6</sup> og median/middels innskot var 150 kroner. Blant dei som spelar på berre norske nettstader er snittet kr 231 (median 150 kr) og blant dei som spelar berre på utanlandske er snittet kr 1 293 (median 300 kroner). Hos dei som spelar på både norske og utanlandske er snittet kr 468 (median 200 kroner).

Fra undersøkingane ser det ut til at dei som spelar hos utanlandske speleselskap spelar for meir pengar enn dei som spelar berre på norske nettstader. At snittet er høgare enn median viser at det er fleire som spelar for meir enn middels innskot og dermed bidreg sterkare til at gjennomsnittet aukar.

## Kva nordmenn legg igjen på utanlandske nettstader (GGR)

Lotteritilsynet estimerer at netto omsetning på utanlandske nettstader, eller det nordmenn la igjen her etter gevinstutbetaling, utgjer mellom 1,8 og 2,2 milliardar kroner i 2021. Forenkla blir dette 2 milliardar kroner. Dette er eit stabilt estimat samanlikna med for 2020 som vi i fjar berekna til mellom 1,7 – 2,1 milliardar. Sidan bruk av kjelder og tilgjengeleg informasjon endrar seg noko, er det vanskeleg å samanlikne dei to åra direkte.

Estimatet for 2021 er berekna med utgangspunkt i fem kjelder:

- Omsetninga hos Norsk Tipping sett opp mot data frå målingane til Sentio Research AS
- Utsegn og rapporterte tall frå den utanlandske bransjen, der vi ikkje finn støtte for stigande omsetning i Norge.
- Tal frå analyseselskapa GBGC og H2GC.
- Pro-capita berekning der skattetal frå Sverige gjer det mogeleg å utføre ei slik berekning for Danmark, Finland og Norge med utgangspunkt i rapporterte nordiske tal frå den utanlandske bransjen (kjelda er ny og erstattar berekning med utgangspunkt i reklamekostnader).

Det bør nemnast at etter Lotteritilsynet hadde utarbeidd dette estimatet i mars 2022, så auka H2GC sitt estimat for 2021 med om lag ein milliard (frå 4,2 mrd til 5,1 mrd). I vår modell ville

<sup>5</sup> Snittal for gonger spelt i kvartalet er 14,6 gonger (n=1 144).

<sup>6</sup> Det er ikkje rekna med dei som svarte kroner 0 eller dei som oppgav beløp over kroner 15 000,- Snittet for alle er etter dette kr 278 (n=1 117), for dei som spelar berre på norske nettstader kr 231 (n=988), for berre utanlandske kr 1 293 (n=27) og kr 468 (n=102) for dei som har spelt både på norske og utanlandske nettstader. Snittet for berre utanlandske nettstader har farrast i utvalet er difor mest usikkert.



denne endringa ført til at vårt totale estimat, basert på kjeldene over, ville lagt mellom 1,9 og 2,3 milliardar kroner.

## På Hjelpelinja dominerer kasinospel, og spel tilbydd av dei utanlandske aktørane

Hjelpelinja for speleavhengige hadde i 2021 ein vekst i talet på telefonsamtaler. Tal på samtaler om pengespel auka med 6 prosent, frå 601 til 637. Tal på førstegongs- samtaler auka også med 6 prosent frå 450 til 475. Tala inkluderer også førstegongs chat- samtaler. I tillegg tok Hjelpelinja mot 93 e-postar om pengespelproblem.

Kasinospel er den dominerande spelkategorien på hjelpelinja. Tabellen under viser kva spel førstegongs- samtalene i 2021 handla om. Dersom fleire spel har vore omtalte i same samtale, vart det registrert kva spel som var hovudproblemet.

Hovudproblemspelet (eller det einaste)	tall	prosent
Kasinospel (nett)	271	57 %
Odds	90	19 %
Poker	17	4 %
Bingo	22	5 %
Databingo	4	0,8 %
NT Belago	3	0,6 %
Hestespel	10	2 %
NT terminal (Multix)	3	0,6 %
Lotto / Viking Lotto/EuroJackpot/ Extra /Joker/Keno/Nabolaget	11	2 %
Tipping	0	0 %
Skrapespel	3	0,6 %
Andre pengespel	4	0,8 %
Pengespel, men ikkje spesifisert	34	7 %
Dataspel (spel som ikkje er pengespel)	3	0,6 %
Totalt	475	100 %



# Lotteri- og stiftelsestilsynet

Det blir også registrert kva speloperatør det er spelt hos. Av samtalene om kasinospel er Norsk Tipping åleine nemnd som tilbydar i tre prosent<sup>7</sup> av samtalene i 2019. I 31 prosent av samtalene blir både Norsk Tipping og utanlandske operatørar nemnde, medan det i 57 prosent av samtalene er det utelukkande ein utanlandsk operatør som blir nemnd. I samtalene om odds og liveodds, viser 16 prosent av samtalene til Norsk Tipping, 40 prosent viser til både Norsk Tipping og utanlandske operatørar og 29 prosent<sup>8</sup> viser utelukkande til ein utanlandsk operatør. I samtalene om poker gjeld 53 prosent nettpoker.

Andelen førstegongssamtaler som gjeld kvinner var i 2020 på 14 prosent for pengespelproblem. Snittalderen var på 35,6 år. Tabellen under viser kva spel som blir nemnt som problematiske etter alder.

Når det gjeld kasinospel, odds- og sportsspel samt poker, er det spelarar i alle aldersgrupper som har problem, men dei yngste aldersgruppene ser ut til å vere overrepresentert, særleg for kasinospel og poker.

Den yngste aldersgruppa spelar oftast sportsspel. Motsett, er det dei eldste aldersgruppene som relativt oftare nemner problem med spel på hest, bingospel og Multix.


---

<sup>7</sup> Totalt 271 samtalene om kasinospill, der 7 (3 %) viser til Norsk Tipping, 84 (31 %) viser til både Norsk Tipping og utanlandske operatørar. 153 (57 %) viser berre til utanlandske operatørar. I 27 samtalene har tilbydar ikkje vore tema, og to svar er i kategorien anna.

<sup>8</sup> Totalt 90 samtalene om odds. 14 (16 prosent) viser til Norsk Tipping. 36 (40 prosent) samtalene oppgir både Norsk Tipping og utenlandsk tilbyder, mens 26 (29 prosent) oppgir utelukkende utenlandsk tilbyder. I 14 samtalene har ikke tilbyder vært tema. Poker er nemnt i 17 samtalene, og 9 av desse (53 %) handlar om nettpoker.



# Lotteri- og stiftelsestilsynet



Innringarane blir også spurde om dei har spelegjeld på samtaletidspunktet. I samtaler der spelegjeld har vore tema, sa 40 prosent at dei hadde ei gjeld på 100 000 eller meir i 2021. 3 prosent oppga at dei hadde spelegjeld på ein halv million eller meir. 35 prosent sa at dei ikkje hadde spelegjeld.

Når det gjeld helsemessige konsekvensar opplyste 88 prosent, der helse var tema, at dei opplevde psykiske plager som følgje av spelinga.